



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 3. september 2024

**Oppdrag om førehandsteam m.m. i samband
med medisinsk evakuering frå Gaza**



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Tysdag 3. september 2024 kl. 12.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde på video.

Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Oppdrag om førehandsteam m.m. i samband med medisinsk evakuering frå Gaza

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Statssekretær Karl Kristian Bekeng

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum

Spesialrådgjevar Bjørn Astad

Seniorrådgjevar Mikkell Hovden Aas

Rådgjevar Synnøve Ravnstad Eikefet

Frå styret i Helse Vest RHF møte

Styreleiar Agnes Landstad

Oddvar Kaarbøe

Linda Karin Gangstøe

Tord Anton Haaland

Hege Solbakken

Geir Arne Sunde

Anne Karin Hamre

Frå administrasjonen i Helse Vest RHF møte

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men deltok ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Statssekretær Karl Kristian Bekeng ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Agnes Landstad og statssekretær Karl Kristian Bekeng vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Statssekretær Karl Kristian Bekeng spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Oppdrag om førehandsteam m.m. i samband med medisinsk evakuering frå Gaza

Føretaksmøtet viste til føretaksmøtet 18. mars 2022 angående tiltak i samband med innkomst av flyktningar frå Ukraina, etablering av nasjonal og regional koordinering av mottak av medisinsk evakuerte pasientar og ivaretaking av behandling og oppfølging av desse pasientane.

Regjeringa har i samband med situasjonen i Gaza vedteke at Noreg skal tilby medisinsk evakuering for inntil 20 pasientar for behandling i Noreg i 2024. Tilbodet vil og omfatte følgjepersonar. Justis- og beredskapsdepartementet har utarbeidd ein eigen instruks for mottak av medevac-pasientar og følgjepersonar frå Gaza. Denne instruksen gjeld og for helsesektoren.

Kostnadene for behandling av medisinsk evakuerte pasientar frå Gaza vil bli dekte på lik linje som medevac-pasientar frå Ukraina. Det blir lagt til grunn at det blir etablert registreringsløysningar for oversikt over kostnader. Føretaksmøtet viste og til brev til dei regionale helseføretaka datert 22. juli 2024, der det vart presisert at spesialisthelsetenesta ikkje skal krevje eigendelar av pasientar som er evakuerte frå Gaza.

Det er i gang ein planprosess på tvers av etatar, leia av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) og der Helsedirektoratet og Nasjonalt koordineringssenter ved Oslo universitetssjukehus HF (NKS) deltar. I den forbindelse skal det settast saman førehandsteam, som i forkant av oppdrag med medisinsk evakuering reiser til Egypt – ev. annan seinare utpekt destinasjon - for å bidra med vurdering av helsetilstand med tanke på transportdyktigheit og person- og ID-kontroll for pasientar og følgjepersonar. Det blir og vist til «Rutiner og prosedyrer for etablering og utsendelse av helseteam til innsats ved kriser i utlandet».

Føretaksmøtet ber Helse Sør-Aust RHF om å koordinere arbeidet med å etablere eit system der dei regionale helseføretaka har ansvar for å bemanne førehandsteam med helsepersonell frå helseteama gjennom ei rulleringsordning.

Helse Sør-Aust RHF skal samarbeide med relevante regionale helseføretak og helseføretak, Helsedirektoratet og NKS om å etablere systemet for helsedelen av teamet. Dette omfattar å beskrive roller og ansvar, identifisere varslingsrutinar og kommunikasjonslinjer, samt utarbeide mandat for teamet og etablere nødvendige rutinar og prosedyrar. Arbeidet skal koordinerast med Politiets utlendingseining og DSB. Kostnadene til førehandsteama, medrekna lønnsutgifter, blir dekte av DSB.

Oppdraget bes gjennomført så snart som mogleg og innan 15. september, eller raskare ved behov.

Føretaksmøtet vedtok:

- 1. Føretaksmøtet ber Helse Sør-Aust RHF om å koordinere arbeidet med å etablere et system der de regionale helseføretaka har ansvar for å bemanne førehandsteam med helsepersonell frå helseteama gjennom ei rulleringsordning.*
- 2. Helse Sør-Aust RHF skal samarbeide med relevante regionale helseføretak og helseføretak, Helsedirektoratet og NKS om å etablere et system for helseelementet i teamet. Dette omfattar å beskrive roller og ansvar, identifisere varslingsrutinar og kommunikasjonslinjer, samt utarbeide mandat for teamet og etablere nødvendige rutinar og prosedyrar.*
- 3. Arbeidet skal koordinerast med Politiets utlendingseining og DSB. Kostnadene til førehandsteama, medrekna lønnsutgifter, blir dekte av DSB.*

Møtet vart heva kl. 12.10.

Oslo, 3. september 2024

Karl Kristian Bekeng

Agnes Landstad

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar